



Kenneth Rasmussen kan kaffi!

Truleg er det ingen uskedalingar som kan meir om kaffi enn utflytta Kenneth Rasmussen som voks opp i Korsnes. Førrige veke var denne kunnskapen hans årsak til heilsides oppslag i Bergens Tidende og innslag på Vestlandsrevyen. Han held nemleg kaffikurs for innsette i fengsel, og dette er blitt kurs som dei straffedømde set stor pris på.

Etter ein del år i databransjen har Kenneth dei siste 5 åra jobba som kaffibrennar på Bergen kaffebrenneri. Som kaffibrennar forvellar han råkaffien til den kaffien vi kjenner frå butikken. Med si interesse for kaffi er han også ein meister i å vidareforedla drykken til den vert servert i koppen som ulike smaksopplevingar.

Han har også halde mange kurs både for privatpersonar og kafèar. Såleis har han vorte engasjert som kurshaldar for innsette i Bjørgvin fengsel. Der har han todayars kurs med 6 deltakarar om gongen. Kursa er populære, og det totale antal deltakarar stig no mot 100.

Kursa er eit prosjekt leia av Kriminalomsorgen i region vest. Bjørgvin fengsel har kjøpt ei kaffibrennemaskin til 80.000 kr til føremålet.

-Kursa skal vera med å gje dei innsette ei meiningsfull tid i fengselet. Dei lærer å meistra noko nytt, og det er ein viktig siger for mange. Det byggjer opp trua på at dei kan læra nye ting, fortel Kenneth til uskedalen.no. Han legg til at målet er ikkje at dei skal jobba som barista etter dei vert fri, men at dei skal skjønna at dei er istand til å meistra nye, ukjende oppgåver. Det er viktig når dei skal ha seg ein jobb. Likevel er det mange som kan tenkja seg å jobba som barista etter at Kenneth har lært dei å laga kunstverk som melkehjarte og melketre på kaffien.

Deltakarane får utdelt kursbevis etter gjennomføringa. For ein del er det første vitnemålet dei har. Dette er med og styrkjer trua på å læra noko nytt.

Kursa har vore svært vellukka, og prosjektleiinga uttalar seg svært rosande om den dugande kurshaldaren. Han gjev kursdeltakarane viktig og oppbyggeleg ballast å ha med seg når dei vert fri. Mange følgjer opp kursa på eiga hand. Fengselet har lagt til rette for det.

Ved å klikk på [denne lenkja](#) kan de sjå innslaget om opplegget i Vestlandsrevyen.



[Avfotografering av biletet som var i BT](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Bergen kaffebrenneri og Thor Inge Døssland.